



JORDVERN- STRATEGI

for Volda kommune

Vedteke av kommunestyret 27.11.2025
sak 74/25



KVA ER MATJORD?

Matjord er det øvste laget av jorda, rikt på næring og liv, og det vi brukar til å dyrke maten vår. Å utvikle god matjord kan ta tusenvis av år.

Vi nyttar ulike omgrep når vi snakkar om matjord, og skiller mellom anna mellom dyrka og dyrkbar jord.

Dyrka jord er:

- Fulldyrka jord: Jordbruksareal som er dyrka til vanleg pløyedjupn, og kan nyttast til åkervekstar eller til eng, og som kan fornyast ved pløying.
- Overflatedyrka jord: Jordbruksareal som for det meste er rydda og jamna i overflata, slik at maskinell hausting er mogleg.
- Innmarksbeite: Jordbruksareal som kan nyttast som beite, men som ikkje kan haustast maskinelt. Minst 50 prosent av arealet skal vere dekt av godkjende grasartar eller beitetolande urter.

Dyrka jord blir også kalla *jordbruksareal*, og er altså summen av fulldyrka jord, overflatedyrka jord og innmarksbeite.

Dyrkbar jord er:

- Areal som ikkje er fulldyrka, men som kan fulldyrkast til lettbrukt eller mindre lettbrukt fulldyrka jord, og som held krava til klima og jordkvalitet for plantedyrking. Til dømes kan skog eller anna jorddekt fastmark reknast som dyrkbar jord.



KVIFOR SKAL VI TA I VARE MATJORDA?



Sauer på beite i Dalsfjorden. Foto: Regine Solberg Aklestad.

Matberedskap og sjølvforsyning

Ingen kan leve utan mat, og utan matjord får vi heller ikkje produsert mat. Difor er matjorda ein av dei mest verdifulle ressursane vi har.

For å sikre at vi kan produsere nok mat til befolkninga, også i krisetider, er matberedskap eit viktig tema. Endringar i den geopolitiske situasjonen har ført til at regjeringa har styrka arbeidet med nasjonal beredskap, og matberedskap er ein viktig del av dette. Regjeringa ynskjer å auke sjølvforsyningsgrada i Noreg til 50 prosent. Dei siste ti åra har sjølvforsyningsgrada vore mellom 33 og 40 prosent - det vil seie mat som er produsert i norsk jordbruk og på norsk fôr.

Klimaendringar i andre land kan også gjere det vanskelegare å importere mat. Då blir det ekstra viktig å ta vare på den matjorda vi har – slik at vi kan produsere mest mogleg av den maten vi treng sjølve. Klimaendringane verda over gjer matjorda vår enda viktigare.

Vi blir også fleire folk i Noreg. Statistisk sentralbyrå reknar med at vi blir om lag 600 000 fleire innan 2050. For å oppretthalde like mykje jordbruksareal per person som i dag, må også det totale jordbruksarealet auke. Utrekningar frå NIBIO viser at vi vil trenge over ein million dekar nytt jordbruksareal for å klare dette.



Volda kommune er nest størst i Møre og Romsdal på mjølkeproduksjon, og er difor ein viktig matprodusent i fylket.

Verdiar og arbeidsplassar

Jordbruksareal legg grunnlaget for matproduksjon, og fører med seg verdiskaping, arbeidsplassar og levande lokalsamfunn. Jordbruket sysselset mange – både direkte på gardane og indirekte i næringar som foredling, transport, handel og tenester. I Volda kommune har vi rundt 180 jordbruksføretak, og i 2020 var verdiskapinga frå jordbruket på over 71 millionar kroner. Den største produksjonen er mjølk. Landbruket bidreg og til reiselivet gjennom kulturlandskap, lokal mat og levande bygder - verdiar som gjer kommunen attraktiv både å bu i og besøkje.

I Noreg er berre om lag 3 % av landarealet rekna som jordbruksareal. Det betyr at vi har svært lite jord som eignar seg til matproduksjon, samanlikna med mange andre land.

Naturmangfald, klimatilpassing og karbonbinding

Jordsmonnet spelar ei viktig rolle for naturmangfaldet. Det er fullt av liv, inneheld eit mylder av organismar og bidreg til ei rekkje økosystemtenester.

Klimaendringane påverkar jordbruksproduksjonen både i Noreg og resten av verda. Veret blir meir ustabil, og vi må rekne med fleire periodar med ekstremnedbør, tørke og flaum. Slike hendingar kan føre til at avlingar druknar, tørkar bort eller at jord blir vaska bort. For å møte desse utfordringane er det viktig å oppretthalde og vidareutvikle ein variert matproduksjon i heile landet. Jorda har òg ein viktig funksjon som flaumdempar, fordi ho kan ta opp og halde på store mengder regnvatn. Når jord blir bygd ned, aukar risikoen for overvatn og flaum.

Jordbruksareala er òg viktig for klimaet, fordi dei lagrar karbon. Nedbygging fører til utslepp og tap av karbonlager, og kan gjere at nye areal må dyrkast opp – noko som ofte gir endå høgare klimagassutslepp.



NOREG
2,7 %



DANMARK
65,5 %



TYSKLAND
47,5 %

NASJONALE OG REGIONALE FØRINGAR

Nasjonal jordvernstrategi og jordvernmålet

Det er eit nasjonalt mål at den årlege omdisponeringa av dyrka jord ikkje skal overstige 2 000 dekar, og at målet skal vere nådd innan 2030. Målet vart vedteke då Stortinget oppdaterte den nasjonale jordvernstrategien i 2023.


Det første nasjonale målet for jordvern kom i 2004 og innebar at omdisponeringa av dyrka jord skulle reduserast til maksimalt 6 000 dekar innan 2010. I ettertid har målet blitt stramma inn fleire gongar. Statistikken viser at det nasjonale målalet har hatt effekt, og at vi dei seinare åra har omdisponert mindre jord enn vi gjorde tidlegare.

Nasjonale forventningar

I nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging står det at omdisponeringa av dyrka jord skal reduserast, og at arealplanlegginga skal bidra til å nå det nasjonale jordvernmålet.

Brev til forvaltninga

Landbruks- og matministrane og kommunal- og moderniseringsministrane har dei siste åra sendt ut fleire brev til kommunar, fylkeskommunar, statsforvaltarar og kommunepolitikarar med føringar for jordvern i arealplanlegginga. I breva gjer dei det tydeleg at å bevare dyrka jord er avgjerande for både nasjonal og global mattryggleik, og at kommunane må auke innsatsen for å få det til. Effektiv bruk av areal og tilbakeføring av tidlegare omdisponerte areal, blir mellom andre peika på som viktige tiltak. Fleire av breva ligg til grunn når statsforvaltaren skal vurdere bruk av motsegn i plansaker.



Omdisponering av dyrka jord i Noreg, og nasjonalt jordvernmål.

Statlege planretningslinjer

I statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet, som vart fastsett i 2024, blir det understreka at omdisponeringa av dyrka jord skal minimerast. Vidare blir det peika på fortetting, transformasjon, tilbakeføring av tidlegare omdisponert dyrka jord, omsyn til kulturlandskap, urbant landbruk og matberedskap.

- [Nasjonal og vesentleg regional interesse innanfor jordvern](#) (1. oktober 2018)
- [Jordvern og FNs berekraftsmål](#) (8. januar 2021)
- [Ta vare på matjord](#) (23. mars 2022)
- [Matjord og arealplanlegging i kommunane](#) (22. januar 2024)
- [Rundskriv M-1/2025, Nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor jordvern - klargjering av motsegnspraksisen](#) (24. januar 2025)




Foring av sauer i Austefjorden. Foto: Ivar Andre Skare.

Fylkesstrategi for landbruk

Møre og Romsdal fylkeskommune har som mål at det ikkje skal omdisponerast meir enn 100 dekar dyrka jord kvart år. Dette målet vart vedteke av fylkestinget i 2023, då dei handsama den nye fylkesstrategien for landbruk.

Det fyrste regionale jordvernmålet kom i 2018 og var på maksimalt 200 dekar per år. På same måte som det nasjonale jordvernmålet, har også det regionale målet hatt effekt; det blir no omdisponert mindre jord enn tidlegare i fylket.



Omdisponering av dyrka jord i Møre og Romsdal fylke, og regionalt jordvernmål.

KORLEIS HAR VI JOBBA MED STRATEGIEN?



30. september 2024

Volda kommune fekk innvilga søknad til Landbruksdirektoratet om tilskot til utarbeiding av kommunal jordvernstrategi.

5. november 2024

Kommunestyret vedtok å starte arbeidet med ein kommunal jordvernstrategi.

Januar 2025

Administrasjonen utarbeida kunnskapsgrunnlag for strategiarbeidet.

22. januar 2025

Volda kommune arrangerte fagsamling for plan-, landbruks- og beredskapsgruppa i dei sju kommunane på Søre Sunnmøre. Statsforvaltaren og fylkeskommunen deltok. Samlinga la til rette for erfaringsutveksling på tvers av kommunegrensar.

10. mars 2025

Gjennomførte arbeidsmøte med tenesteutval for forvaltning og utvikling (TFU). Tema: gjennomgang av kunnskapsgrunnlag, mål og forventningar til strategien.

18. mars 2025

Gjennomførte arbeidsmøte med formannskapet og faglag. Tema: gjennomgang av kunnskapsgrunnlag, mål og forventningar med strategien.

26. mars 2025

Volda kommune arrangerte jordvernkonferanse. Innleiarar:

- Landbruksminister Nils Kristen Sandtrøen
 - Frank Madsøy, Statsforvaltaren i Møre og Romsdal
 - Arne Bardalen, NIBIO
 - Dag Jørund Lønning, rektor, professor og forfattar
 - Per Gunnar Løset frå Møre og Romsdal fylkeskommune
- Deltakarar: folkevalde, faglag, kommunalt tilsette i sjustjerna, næringslivsaktørar og andre interesserte.

28. april 2025

Gjennomførte arbeidsmøte med tenesteutval for forvaltning og utvikling og utbyggarsida. Tema: mål, strategiar, innhald og tiltak i strategien.

30. april 2025

Arrangerte temamøte med grendeutvala i kommunen. Tema: kunnskapsgrunnlag, utfordringar og tiltak.



6. mai 2025

Gjennomførte arbeidsmøte med formannskapet. Tema: mål, strategiar, innhald og tiltak i strategien.

30. juni 2025

Arrangerte felles administrativt arbeidsmøte med utviklingsavdelinga og landbrukskontoret. Tema: Mål, strategiar, tiltak og ansvar.

25.08.2025, 02.09.2025, 11.09.2025

Tenesteutval for forvaltning og utvikling, formannskapet og kommunestyret handsama høyringsutkastet, og vedtok å sende jordvernstrategien på høyring.

16. september 2025

Sendte jordvernstrategien på høyring til statlege og regionale instansar, lokallag, grendalag og nabokommunar.

2. oktober 2025

Arrangerte ope høyringsmøte med faglag, lag og organisasjonar, grendalag og andre interesserte.

9. oktober 2025

Gjennomførte høyringsmøte med Statsforvaltaren og fylkeskommunen.

17. november 2025, 18. november 2025

Tenesteutval for forvaltning og utvikling og formannskapet handsama innkomne høyringsinnspel.

27. november 2025

Kommunestyret handsama innkomne høyringsinnspel og vedtok jordvernstrategien for Volda kommune.

Arbeidet har vore leia av kommunen sin berekraftskoordinator. Rådgjeverar på landbruk har vore med i arbeidsgruppa. I tillegg har vi hatt ein utvida administrativ arbeidsgruppe med representantar frå landbruk, plan, byggesak, GIS og beredskapsrådgjeverar. Arbeidsgruppa har hatt jamlege møter undervegs i prosessen.

Kapitlet "Utfordringar og moglegheiter" er laga med utgangspunkt i kunnskapsgrunnlaget og medverknadsprosessane. Også kapitlet "Mål, strategiar og tiltak" tek utgangspunkt i dette, og handlar om korleis vi skal møte utfordringane og nytte moglegheitene framover, inkludert konkrete tiltak.

KORLEIS STÅR DET TIL HOS OSS?



34 593 dekar dyrka jord

Fulldyrka 23 736 Overflatedyrka 1 127 Innmarksbeite 9799

27 839 dekar dyrka jord i drift



Omdisponering av dyrka jord

I perioda 2005–2023 omdisponerte Volda kommune 562 dekar dyrka jord, i snitt 30 dekar i året. 90 % vart omdisponert etter plan- og bygningslova, 10 % etter jordlova.

Viss ein reknar dei ti siste åra (2014–2023) har vi omdisponert i snitt 12,9 dekar i året.


I tillegg kjem omdisponering av dyrkbar jord.

Kva blir jordbruksareala nytta til?





Les meir i [kunnskapsgrunnlaget!](#)



Aktive produsentar

I kartet over er aktive produsentar markert med raude prikkar. Gule område er dyrka mark. Dei aktive produsentane ligg i hovudsak langs fjordane og i dalstroka.

Planreserve

482



Over 482 dekar dyrka mark er sett av til utbyggingsformål i planar, men ikkje bygd ut enno.

Jordbruksføretak

1989: 2024:

564 180




Det er 180 jordbruksføretak i kommunen. Talet på jordbruksføretak gjekk ned frå 70- til 2000-talet, men har stabilisert seg noko dei seinare åra. Nedgangen i føretak viser at vi har fått færre, men større bruk. Samtidig har tal sysselsette i næringa gått ned. Ein stor del av bøndene leiger jord og driv fleire bruk samtidig.



I 2020 var verdiskapinga frå landbruket i Volda kommune på litt over 71 millionar kroner. Mjølkeproduksjon er den største, og vi har om lag 1300 mjølkekyr i kommunen.

UTFORDRINGAR OG MOGLEGHEITER



Gamle planar og stor planreserve

Nokre av arealplanane i Volda kommune er gamle, og ikkje i tråd med dagens lovverk og føringar. I tillegg er mykje dyrka jord sett av til utbyggingsformål i planane, utan at desse er tekne i bruk (planreserve). Det lokale jordvernmålet i kommuneplanen sin samfunnsdel er heller ikkje oppdatert i tråd med nasjonale og regionale mål.


Å redusere planreserven, oppdatere gamle planar og vedta eit lokalt jordvernmål som samsvarer med overordna føringar, vil bidra til at meir matjord blir teken vare på for framtida.



Tettstadsutvikling og mangel på alternative areal

Matjord rundt tettstadene er under press grunna bustadbygging og næringsutvikling. Det er også her det er bygd ned mest matjord historisk sett. Dette er område der det ofte er ønske om utvikling, både til bustader og anna næring. Den dyrka jorda ligg gjerne flatt, er lett tilgjengeleg, rimeleg å bygge ut og ligg sentralt plassert. Det gjer ho ekstra attraktiv for utbygging. Samtidig er dette noko av den beste matjorda vi har, med høg produksjonsevne for fleire typar produksjon. Det var her dei første jordbrukarane slo seg ned, i område med høg kvalitet på jordsmonnet og gode klimasoner. Bratt terreng, verdifull natur eller andre samfunnsinteresser kan gjere det vanskeleg å finne alternative areal.

Ved å fortette og bruke eksisterande utbyggingsområde betre, kan vi redusere behovet for å bygge ned matjord.



Utbygging av veg og infrastruktur

Fleire større vegprosjekt er under planlegging i Volda kommune, og desse vil krevje nedbygging av dyrka mark. Slike prosjekt kan vere viktige for samfunnsutviklinga, men dei må planleggast slik at dei tek minst mogleg matjord.

Ved å vurdere alternative løysingar og setje krav til avbøtande tiltak, som til dømes flytting og gjenbruk av matjorda, kan vi redusere verknaden av inngrepa og ta betre vare på ressursane.



Landbruket si eiga nedbygging

Også innan landbruket blir dyrka jord bygd ned, til dømes ved bygging av driftsbygningar, vegar og bustadar. Slike tiltak kan gjennomførast utan krav om regulering eller formell omdisponering. Det er ulik praksis knytt til vurdering av alternative løysingar, krav om gjenbruk av matjorda og andre avbøtande tiltak. Tydelegare føringar og retningslinjer kan bidra til meir lik og føreseieleg forvaltning - og til at meir matjord blir teke i vare.



Dispensasjonar og frådelling

Frådellingssaker etter jordlova handlar ofte om å dele frå jord til andre formål, som hyttetomter, utviding av eksisterande tomter, infrastruktur eller frådelling av hus nr. 2 ved generasjonsskifte. Dei aller fleste søknadene om omdisponering etter jordlova har dei siste åra blitt innvilga heilt eller delvis. Samtidig blir det ikkje alltid lagt like stor vekt på å vurdere alternative løysingar eller sette krav til avbøtande tiltak.

Med tydelegare krav om vurdering av alternative løysingar og krav til avbøtande tiltak, kan vi redusere inngrepa og ta betre vare på matjorda. Eit konkret jordvernmål kan gi eit viktig grunnlag for å prioritere jordvernet og skape større merksemd på jordvernet, både i enkeltsaker og over tid.

Frå ubrukt jord til aktiv matproduksjon



I dag står over 6000 dekar dyrka jord i Volda kommune utan aktiv drift. Av dette er om lag 3500 daa innmarksbeite, 2000 daa er fulldyrka jord og 500 daa er overflatedyrka jord. Ein del av desse areala har låg kvalitet, er vanskelege å drive eller har lang avstand til aktive føretak.

Små eller vanskeleg tilgjengelege jordstykke blir av og til prioritert ned, særleg i område der det er god tilgang på leigejord. Då er areala utsett for attgroing og redusert produksjonsevne. Dette svekkjer det samla ressursgrunnlaget for matproduksjon.

Sjølv om ein del jord ligg brakk, blir det aller meste av den dyrka jorda i kommunen drifta, og vi har ein svært aktiv landbrukssektor. Det gir eit godt utgangspunkt for vidare utvikling. Med betre oversikt over areal som ikkje er i bruk - og behov for leigejord, ligg det føre moglegheiter for å auke areal i drift.

Klimatilpassing og jordstruktur



Klimaendringane påverkar landbruket i aukande grad. I Møre og Romsdal ventar ein meir ekstremvêr framover - som styrtregn, tørke og flaum. Dette kan gå ut over både verdien, bruken og produksjonsevna til jordbruksareala. Ei sunn jord med god struktur held betre på vatn i tørre periodar og drenerer betre når det kjem mykje regn på kort tid. Slik jord gir òg betre vekstvilkår og mindre behov for sprøyting og gjødsling. Tiltak som forbetrar jordstruktur og drenering er viktig for å halde oppe produksjonsevna.

Det finst fleire tilskotsordningar der bønder kan søke støtte til tiltak som styrker både jordstruktur og miljøomsyn. Ny teknologi, som presisjonsjordbruk, gir moglegheiter som kan bidra til betre jord og betre avlingar. Kunnskapsheving for og mellom bønder kan også vere ei hjelp for å ta vare på og forbetre jordhelsa i eiga drift.



Potensial for fleire produksjonar

I dag blir det meste av matjorda i Volda kommune nytta til grovfôrproduksjon, som er viktig for husdyrhaldet. Samtidig er det eit potensial for å ta i bruk meir av jorda til andre produksjonar, som grønsaker, frukt og bær. Eit meir variert landbruk kan gi betre utnytting av matjorda, bidra til at meir jord blir halde i drift og opne for nye næringsveggar. Det kan også styrkje lokal matproduksjon og legge til rette for auka verdiskaping. Eit varmare klima kan gi lengre vekstsesong og høgare temperaturar, noko som kan gjere det mogleg å dyrke meir varmekrevjande vekster og sortar som tidlegare ikkje har vore aktuelle i området. Synleggjering av moglegheiter og tilgang på kunnskap kan gjere det lettare for fleire å ta i bruk ledige jordbruksareal til aktiv produksjon.



Nydyrking

Nydyrking betyr å gjere om areal som i dag ikkje er dyrka, til jordbruksjord. Det kan vere ein måte å auke matproduksjonen på, og i Volda kommune er det kartlagt fleire område som kan vere aktuelle for dette. Samtidig har nydyrking også ulemper. Nye areal har også ofte svakare jordkvalitet og lågare avlingspotensial enn etablert jordbruksjord. Nydyrking kan også føre til tap av verdifull natur og karbonlager, og det kan kome i konflikt med andre samfunnsinteresser. Difor bør nydyrking vurderast nøye, og vere eit supplement - ikkje ei erstatning - for vern og god bruk av den jorda vi allereie har.



Gjenbruk og flytting av jord

Når matjord må vike for andre formål, kan ho framleis nyttast, dersom ho blir teke vare på. Ved å flytte og gjenbruke matjord, kan ho nyttast til å forbetre kvaliteten på eksisterande jordbruksareal, eller brukast til å dyrke opp nye område. Dette er eit viktig avbøtande tiltak for å ta i vare ressursane. For at jordflytting skal vere vellukka, må utbyggar få kontakt med bønder som har behov for jord. Det krev også kunnskap og rettleiing om korleis ein flyttar og lagrar jorda på riktig måte, slik at ho beheld kvaliteten.

Leigejord og driftsstruktur

Ein stor del av bøndene i Volda kommune leiger jord og driv fleire bruk samtidig. Når ein ikkje eig jorda sjølv, og særleg når leigeavtalene er kortvarige, blir det mindre motiverande å investere i god jordhelse, drenering eller tiltak som gir langsiktig gevinst. Dette kan svekkje produksjonsevna på sikt. Låg eigartilknytning kan òg påverke viljen til å satse, investere og ta vare på jorda.

Ved å følgje opp driveplikta og stille krav om ti-årige jordleigeavtalar, kan bøndene få meir føreseielege rammer og tryggleik, noko som legg betre til rette for investeringar og god ressursforvaltning. Ny teknologi, som droner og virtuelle gjerder, kan gjere drifta enklare og meir effektiv, også for dei som driver mange, spreidde og små areal.



Lønsemd og rekruttering



Endringar i driftsstruktur har ført til større einingar og færre aktive bruk, noko som igjen fører til færre bønder og mindre fagmiljø. I enkelte bygder er det langt mellom dei aktive bruka og lange avstandar til yrkeskollegaer. Bygder utan lys i glasa fremjar ikkje interessa for å gå inn i landbruket. Dårlig lønsemd i landbruket kan også svekkje motivasjonen til å satse og investere i landbruksdrift.

Samtidig ser ein at fleire unge i Volda kommune ynskjer å etablere seg i landbruket. Levande bygder, møteplassar og lys i glasa er viktig for å kunne halde oppe både bulysta, etableringsvilje og matproduksjonen. Gode fagmiljø, møteplassar og moglegheiter for erfaringsutveksling er også med på å styrkje rekruttering, driftsevne og utvikling i landbruket.

Kunnskap og kompetanse om jord og matproduksjon



For å kunne ta vare på matjorda, treng vi kunnskap - både i landbruket, blant dei som planlegg og tek avgjerder, og hos innbyggjarane. Når vi forstår kva som skal til for å produsere mat, og kvifor matproduksjon er viktig, blir det også lettare å sjå verdien av å verne matjorda. Avgjersler som blir teke i dag, har konsekvensar for framtidige generasjonar.

Kunnskapsheving, erfaringsutveksling og faglege oppdateringar er nyttig både for bønder, kommunalt tilsette, politikarar og andre. Møteplassar som konferansar, fagkveldar, kurs og informasjonsbrev gjev høve til å dele kunnskap, også på tvers av fagmiljø og sektorar.

Det er også viktig at barn og unge lærer om jord og matproduksjon, både i skulen og gjennom andre møtepunkt. God kunnskap er ei investering i beredskap og framtidig mattryggleik.



MÅL, STRATEGIAR OG TILTAK

Hovudmål:

Vi skal ta i vare dyrka og dyrkbar jord. Omdisponering av dyrka jord skal vere minst mogleg. Den årlege omdisponeringa av dyrka jord skal ikkje overstige 6 dekar.

- Maksimalt 5 dekar dyrka jord kan omdisponerast årleg etter plan- og bygningslova.
- Maksimalt 1 dekar dyrka jord kan omdisponerast årleg etter jordlova.

4 strategiske grep:

- Styrke jordvernet i arealforvaltninga
- Sikre aktiv bruk av jordbruksareala og auke produksjonsevna
- Bevare og gjenbruke matjorda
- Sikre kunnskap og forankring



Strategisk grep:

● Styrke jordvernet i arealforvaltninga

Strategi	Tiltak	Ansvar
Vi skal vekte jordvern tungt i plansaker. Område definert som "kjerneområde landbruk" skal ha strengast vern. Store, samanhengande jordbruksareal skal ikkje fragmenterast.	Utarbeide fagrapport "kjerneområde landbruk" for heile kommunen, som grunnlag for kommuneplanen sin arealdel.	Landbruk
	Etablere omsynssoner med retningslinjer i kommuneplanen sin arealdel for område definert som kjerneområde landbruk.	Plan
Vi skal prioritere fortetting og transformasjon i og nær sentrums kjernen og eksisterande utbyggingsområde, for å redusere behovet for å ta i bruk nye utbyggingsområde i LNF*. Omdisponert dyrka eller dyrkbar jord skal ha høg utnyttingsgrad, det gjeld også områder avsett til næringsformål.	Utarbeide arealstrategiar med føringar knytt til jordvernomsyn i kommuneplanen sin samfunnsdel.	Plan
	Utarbeide føresegner og retningslinjer knytt til jordvernomsyn i kommuneplanen sin arealdel.	Plan
Vi skal ha ein streng dispensasjonspraksis. Dispensasjonar som medfører omdisponering av dyrka eller dyrkbar jord skal normalt ikkje godkjennast. Dersom slik jord likevel blir føreslått omdisponert, skal alternative løysingar vurderast og grunngjevast. Konsekvens for dyrka og dyrkbar jord skal vurderast i dei ulike alternativa.	Utarbeide føresegner i kommuneplanen sin arealdel med krav om vurdering av alternative løysingar i dispensasjonssaker.	Plan
	Innarbeide krav om vurdering av alternative løysingar i malen for byggesak.	Byggesak
	Utarbeide ein rutine som beskriver forvaltningspraksis for dispensasjon i LNF*.	Plan
Bygningar og vegar i landbruket skal i utgangspunktet ikkje leggast på dyrka eller dyrkbar jord. Alternative plasseringar skal alltid vurderast. Konsekvens for dyrka og dyrkbar jord skal vurderast i dei ulike alternativa.	Utarbeide føresegner i kommuneplanen sin arealdel med krav om vurdering av alternative plasseringar ved oppføring av bustadhus, driftsbygningar, andre bygningar og vegar. Kravet skal også leggast til grunn i byggesakshandsaminga for å unngå unødig nedbygging av jordbruksareal.	Plan Byggesak
Vi skal minimere arealbruken ved bygging av gang- og sykkelvegar.	Utarbeide føresegner i kommuneplanen sin arealdel om at det skal gjerast ei vurdering av alternative trasear og tiltak som minimerer arealbruk, som til dømes fysiske skilje.	Plan
Vi skal vurdere å tilbakeføre utbyggingsareal til LNF*.	Gjennomføre planvask i samband med ny arealdel.	Plan

*LNF = Landbruks-, natur- og friluftsområde

Strategisk grep:

● Sikre aktiv bruk av jordbruksareala og auke produksjonsevna

Strategi	Tiltak	Ansvar
Vi skal ha ei aktiv oppfølging av driveplikta og jordleigeavtalar.	Etablere rutinar for kontroll av driveplikt og kravet om ti-årige jordleigeavtalar.	Landbruk
	Varige fritak frå driveplikta skal praktiserast restriktivt. Viss det blir gjort fritak frå driveplikta, skal det stillast krav om at jorda blir halde i hevd, til dømes gjennom pussing.	Landbruk
	Etablere ein «jordleigebørs» som formidlar informasjon om ledige jordbruksareal og bønder som har behov for areal, for å redusere omfanget av jord som ikkje er i drift.	Landbruk
	Spele inn til nasjonale og regionale mynde behov for utvikling av digitale verkty for god oversikt og praktisk bruk av oppfølging av driveplikt.	Landbruk
	Ha ein positiv haldning til etablering av andelslag, parsell- eller kolonihagar, særleg på areal som ikkje er i tradisjonell drift.	Landbruk
Vi skal avgrense frådeling som svekker driftsgrunnlaget. Ved frådeling skal all dyrka og dyrkbar jord tilfalle landbrukseigedom. Gardstun eller teigar kan unntaksvis delast frå dersom føremålet er bruksrasjonalisering for bruk som er i aktiv drift.	Utarbeide føresegner og retningslinjer i kommuneplanen sin arealdel knytt til frådeling.	Plan Landbruk
Vi skal legge til rette for nydyrking der det ikkje kjem i konflikt med andre natur-, miljø- og samfunnsinteresser.	Kartlegge aktuelle areal for nydyrking.	Landbruk
Vi skal støtte opp om auka produksjon av grønnsaker, frukt og bær.	Synleggjere lokale moglegheiter og formidle informasjon om eigna areal for grønnsaks-, frukt- og bærproduksjon.	Landbruk
	Bidra til erfaringsutveksling og informere om relevante tilskotsordningar.	Landbruk
	Støtte opp om tiltak knytt til lokale verdikjeder og matnettverk.	Volda kommune

Vi skal medverke til betre jordhelse og støtte opp om tiltak som styrker jordstruktur og klimatilpassing.	Informere og rettleie produsentar om klimatilpassa driftsmåtar og tilskotsordningar som kan bidra til betre jordhelse og jordstruktur, til dømes drenering.	Landbruk
	Bidra til informasjonstiltak for bønder, entreprenørar og andre fagmiljø, med ulike tema innan jordhelse og jordstruktur.	Landbruk
Vi skal medverke til gode fagmiljø i landbruket og støtte opp om møteplassar, samarbeid og andre tiltak som fremjar kunnskapsdeling, fagleg fellesskap og nytenking.	Støtte og medverke til lokale møteplassar og faglege nettverk, som til dømes samlingar, temamøte og konferansar i samarbeid med næringa og rådgjevingstenestene.	Landbruk
	Sende ut informasjonsskriv frå landbrukskontoret, med oversikt over tilskotsordningar, kurs, faglege ressursar og utviklingsmoglegheiter i landbruket.	Landbruk



Strategisk grep:

● Bevare og gjenbruke matjorda

Strategi	Tiltak	Ansvar
Vi skal legge til rette for gjenbruk og bevaring av matjorda i planar og tiltak der jordvernet må vike. Gjenbruk av matjord skal knytast til nydyrking, jordforbetring eller andre jordbruksføremål.	Innarbeide føresegner i kommuneplanen sin arealdel knytt til krav om utarbeiding av ein plan for bevaring eller gjenbruk av matjord.	Plan
	Innarbeide oppmoding i byggesaker om gjenbruk av matjord ved bygging av bygningar og vegar. Oppdatere mal i samsvar med dette.	Byggesak
	Informere og rettleie tiltakshavar ved flytting av masse for oppbygging av nytt jordbruksareal. Vurdere å utarbeide ein rettleiar for jordflytting.	Landbruk
	Kartlegge grunneigarar eller produsentar som har behov for tilført matjord.	Landbruk

Strategisk grep:

● Sikre kunnskap og forankring

Strategi	Tiltak	Ansvar
Vi skal auke kompetansen om jordvern blant tilsette, politikarar og grunneigarar.	Informere administrasjon, politikarar, utbyggjarar, landbruksnæringa og innbyggjarar om jordvern, sentrale lovverk og føringar og kommunen sin jordvernstrategi.	Plan Landbruk Byggesak
Vi skal løfte fram jord og kunnskap om matproduksjon som ein del av samfunnsberedskapen, og sikre at dette blir integrert i den kommunale beredskapsplanlegginga.	Innarbeide jordvern og mattryggleik i beredskapsplanlegging og kommunen si heilskaplege ROS-analyse.	Beredskap
	Ha ein positiv haldning til initiativ om skulehagar og dyrking av matvekstar i offentlege grøntområde, og vurdere å stille areal til disposisjon der det er praktisk mogleg.	Utvikling
Vi skal sikre oversikt og synleggjere utviklinga i omdisponering av jordbruksareal.	Gi årleg oversikt i årsmeldinga over kor mykje jord som er omdisponert etter jordlova og plan- og bygningslova.	Plan Landbruk
	Oppdatere malen for saksutgreiingar slik at status for omdisponering av jordbruksareal blir gjort greie for i politiske saker der dette er relevant.	Plan Landbruk

VEGEN VIDARE

Matjorda vår er ein avgrensa ressurs. Vi har lite jordbruksareal i Noreg, samanlikna med mange andre land. Eit sterkt jordvern er viktig for å sikre at både vi og dei som kjem etter oss kan produsere mat på eiga jord.

Jordvernstrategien er eit verktøy for å ta vare på matjorda i Volda kommune. Strategien er ikkje juridisk bindande i seg sjølv, og må få verknad gjennom praktisk oppfølging. Strategien skal ligge til grunn for revisjon av kommuneplanen sin samfunns- og arealdel. Strategiar og tiltak må også forankrast og følgast opp i anna planverk, sakshandsaming, rutinar og politiske vedtak. Strategien bør evaluerast og reviderast før rulleringar av kommuneplanar, eller ved behov.

Strategien har som mål at det maksimalt kan omdisponerast 6 dekar dyrka jord årleg frå landbruks-, natur- og friluftsområde til utbyggingsformål. Utbygginga av fylkesveg 60, som er under planlegging, vil åleine kome til å overstige denne grensa. Det er viktig å avgrense nedbygginga mest mogleg også i denne planen, og stille krav til avbøtande tiltak. Samtidig er kommunen førebudd på at målsettinga ikkje vil bli nådd det året denne planen blir vedteken.

Det krev samarbeid, mot og ansvar frå både folkevalde, administrasjon, næring og innbyggjarar for å lukkast med jordvernet. Saman kan vi sikre matproduksjonen for framtida!



Kvivsvegen. Foto: Erlend Sporstøl Vikestrand

Her kan du lese meir!

Lokale ressursar

- Jordvernstrategien, om arbeidet og prosessen: volda.kommune.no
- Informasjonsskriv frå Landbrukskontoret i Ørsta og Volda: orsta.kommune.no
- Arealbarometer for Volda, statistikk over areal og bruk: arealbarometer.nibio.no

Fag og rettleiing

- Temakart for jord, skog, arealressursar og kulturlandskap: kilden.nibio.no
- Kartlag med jordbruksareal som kan vere ute av drift: nibio.no
- Jordmasser – frå problem til ressurs: Fagartikkel frå NIBIO/NLR: nlr.no
- Veileder for utarbeiding av kommunale jordvernstrategier: landbruksdirektoratet.no
- Landbruksdirektoratet sine nettsider om jordvern: landbruksdirektoratet.no

Nasjonale og regionale føringar

- Ny nasjonal jordvernstrategi: Oppdatert mål for jordvern: regjeringen.no
- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging: regjeringen.no
- Statlige planretningslinjer for arealbruk og mobilitet: lovdata.no
- Fylkesstrategi for landbruk i Møre og Romsdal. Tilgjengeleg frå mrfylke.no

